

Dale Bygdelag
v/styret
Att.: Bjørn Tore Vaktskjold
Askelandsvegen 17
5938 SÆBØVÅGEN

20.11.2018

Radøy kommune
v/ Rådmann
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Avklaring av framtidig løysing for Dale Grendahus

Me viser til konstruktivt avklaringsmøte med Radøy kommune 09. November 2018.

Dale Bygdelag har sidan år 2000, hatt avtale med Radøy kommune om «drift» av huset som omfattar dagleg ettersyn og oppfølging. Dette gjeld den delen av huset som ikkje er brukt til barnehage.

Huset har i alle desse åra blitt brukt av fleire organisasjonar til ulike aktivitetar. Det har i periodar vore stor aktivitet i bygget. Bygdelaget har og brukt lokalet til eigne arrangement i bygda, samt leid ut bygget til ulike typar arrangement.

Dale Bygdelag forstår det no slik at kommunen planlegg å avslutta bruk av huset som barnehage, når planlagt arbeid med bygging av nye lokale for barnehage på Manger og i Bøvågen er slutført. Kommunen vil då sannsynlegvis ikkje lenger ha huset som ein del av sin bygningsmasse.

Dagens avtale for bruk av huset, gjeld for ein månad om gangen. Dette gjer at det frå Dale Bygdelag si side vert utfordrande å vidareføra naudsynt vedlikehald og oppgraderingar av lokalet. Noko som i nær framtid er heilt naudsynt for delar av huset. Dette gjeld både innvendig og utvendig.

Dale Bygdelag inviterte 24. mai 2018, innbyggjarane til møte om bygdelaget og grendahuset si framtid. Det var godt oppmøte og styret fekk i oppdrag å starta prosess med Radøy kommune for å få avklart framtida for huset.

Ein konkluderte klart i møtet at om ein ikkje har eit hus i framtida, vil ein sannsynlegvis heller ikkje ha eit levedyktig bygdelag! Samtidig ser ein behovet for eit hus som det naturlege «lokale» samlingspunktet i ein ny storkommune! «Levande» bygder vert heilt avhengige av slike fasilitetar.

Styret i Dale Bygdelag vurderer det slik at vidare drift av huset, samt avtale med Radøy kommune krev avtalar som har betydeleg lengre og forutsigbare tidshorisontar. I tillegg må ein sikra eventuelt overføring av huset til bygda og betingelsar for dette, dersom nye Alver kommune skulle beslutta å ikkje bruka huset til kommunale aktivitetar.

Med bakgrunn i dette ynskjer Dale Bygdelag så snart som mogeleg å få avklart vidare planar som kommunen har for huset, og ser fram til ein konstruktiv prosess med kommunen.

Vedlegg: Notat frå møte i Dale Grendalag, 24. mai 2018.

Med venleg helsing

Dale Bygdelag v/ styret


Bjørn Tore Vaktskjold


Svein Gunnar Raknes


Bjarte Lunde


Joar Fjellsende


Elin Skråmestø Hinriksson


Bjørg Karin Lunde


Even Askeland